

SUMARGUDSTENESTE

Leveld, Torp og Ål

Juni, juli og august



SAMLING

Klokkeringing

Kort informasjon om dagens gudsteneste dersom det ikkje kan stå i programmet og formidlast på anna måte

INNGANGSSALME

Kyrkjelyden står

Inngangsord

L Kjære kyrkjelyd.

Nåde vere med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

SAMLINGSBØN

ENTEN:

ML: Gud, vi er komne inn ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss. Du sender ut din Ande og liv blir skapt. Du gjer jorda ny og mettar oss med det gode.

Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg. Gud, vi bed. Amen.

ELLER:

ML: Gud, du som skapar alt liv i universet, og lyset så vi kan glede oss, vi takkar deg for den gode planeten vår, for det vakre på jorda, for det majestetiske havet og stillheita i fjellet. Lat regnbogen i sumarregnet minne oss om di evige pakt med kvar levande skapning.

KYRIE – bønepet

A: Kyrie eleison. Gud Fader, miskunna deg.
Kriste eleison. Herre Krist, miskunna deg.
Kyrie eleison. Heilag Ande, miskunna deg.

GLORIA – englesongen frå Betlehem

L: Ære vere Gud i det høgste

A: og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i.
Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøggjer deg.
Amen.

[Dåp]

TEKSTLESING

HALLELUJA *eller eit anna vers*
seg

Alle reiser



Evangelielesing

Preike

CREDO – Truvedkjenning

Alle står

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy,

pint under Pontius Pilatus, vart krossfest,
døydde og vart gravlagd, fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv. Amen.

SALME

SYNDSVEDKJENNING:

L: Lat oss venda oss mot Gud og be om tilgjeving

K: Gud, du kjenner og elsker oss alle. Du vil at vi skal ta vare
på kvarandre og på jorda. Vi veit at vi sviktar og gjer deg imot.
Tilgjev oss og hjelp oss, for Jesu skuld.

ABSOLUSJON:

L: Så høg som himmelen er over jorda, så veldig er hans
miskunn over dei som fryktar han. Så langt som aust er frå
vest, tek han syndene våre bort frå oss. (Sal 103 11-12)

I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande. ✠

Eller:

L: Den som er i Kristus, er ein ny skapning. Det gamle er
borte, sjå, noko nytt har vorte til! (2.Kor 5,17)

I namnet åt Faderen, Sonen og Den Heilage Ande. ✠

FORBØN

Forslag til forbøn:

Gud vår Skapar, Livgjevar og Oppretthaldar

Takk for alle menneska vi møter, tak for sol og regn, vind og hav, elvar og skog, fisk i vatnet og fuglar i lufta, dyra på jorda og alt som veks som gjev oss det vi treng for å leva. Gje oss i dag vårt daglege brør.

Jesus Kristus, du som kom dei umyndige og utstøytte i møte. Kom til oss når vi er redde og i naud, ver nær alle menneske som opplever at livet er truga, og dei som manglar tryggleik for seg sjølv og sine nære.

Vi ber for alle born og unge i bygdene våre som no har pause frå skule og faste aktivitetar: Ver med dei og lat sumardagane gje tryggleik og nye krefter. Vern om alle born, unge, vaksne og eldre. Når vi svik og sårar kvarandre bed vi: Tilgjev oss vår skuld.

Heilage Ande, vår Livgjevar – lat din livspust blåse over oss og inn i oss, og fyll romma i livet vårt med glede og kjærleik. Du som ser kvar einskild og veit om djupet i liva våre, vi bed deg: vern oss frå det mørkaste mørket. Hald oss fast når prøvingar slit i oss og når vi kjempar for livet. Ber ost inn i kjærleiksløset hjå deg når vandringa vår er over: Frels oss frå deg vonde.

Gud, ta imot oss når vi bed, både med og utan ord, velsign oss og ver oss nær med di velsigning.

Vi minnst våre døde:

Vi reiser oss i det vi vil minnst den/dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla til gudsteneste.

NN

No er livet gøymt hos Gud. Vi overgjev alt til han.
Håpet er tent i liv og død. Ingen er gløymd av Gud.

SALME

*Under salmen kan kyrkjelyden gje si gåve til dagens føremål.
Nytt gjerne VIPPS: 95789 Ål kyrkje, 95799 Torpo kyrkje,
95798 Leveld kyrkje*

Nattverdbøn E eller F er korte og fungerer godt. Her står ein nattverdbøn utan Sanctus

PREFASJONSDIALOG – Helsing

Kyrkjelyden reiser seg

L: Herren vere med dykk

K: Og med deg være Herren

L: Lyft dykkar hjarto

K: Vi lyfter våre hjarto til Herren

L: Lat oss taka Herren vår Gud

K: Det er verdig og rett

NATTVERDBØN:

L: Alt godt kjem frå deg, Gud, og med lovsong og takk gjev vi tilbake det som er ditt. Du har skapt alt, og med kjærleik forma du oss i ditt bilete. Når kjærleiken feilar blir du verande trufast. Du gav Son din, Jesus Kristus, som frelsaren vår, så vi skulle få evig liv. Alt vi er og har høyrer deg til, og i takksemd for alt du har gjeve, kjem vi med oss sjølve til deg. Kom med din Heilage Ande og gjer oss eitt med Kristus, eitt med kvarandre og eitt i tenesta for verda.

VERBA - Innstiftingsorda

Vår herre Jesus Kristus, i den natta han var sviken tok han eit brød, takka braut det, ga læresveinane sine og sa: ta imot og et. Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han begeret etter måltidet, takka gav dei og sa: drikk alle av det. Dette begeret er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg.

Gud, send din Ande som livgjevande pust over oss. Gje oss kraft til å bera det ansvaret du har gjeve oss for verda, slik at vi med forventning og glede kan sjå fram til den dagen då du gjer alle ting nye.

Saman bed vi den bøna Son din har lært oss:

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

AGNUS DEI – DU GUDS LAM

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss.

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

Utdeling

Utdelingsorda lyder slik:

Kristi kropp, gjeven for deg. Kristi blod, gjeve for deg.

TILSEIING OG TAKKEBØN

L | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.

Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.

Fred vere med dykk. ✠

Alteret blir rydda. Beger og disk blir dekte med nattverdsklede.

L/ML: Lat oss takka og be

Vi takkar deg, himmelske Far, for dine velsigna gåver. Vi bed at du ved desse gåvene vil halda oss fast i trua på deg, sameina oss i din kjærleik og stadfesta i oss håpet om det evige livet, for Jesu Kristi skuld. **Amen.**

Eller:

Vi takkar og prisar deg Gud, frå æve og til æve, for dine velsigna gåver. Vi bed deg: Fyll liva våre med tru, håp og

kjærleik, så vi glade tener medmenneska våre til dagen du blir alt i alle. Amen.

[Salme *her eller etter velsigninga*]

VELSIGNING

L: Lat oss prisa Herren

K: Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

eller

L: Ta imot velsigninga:

Herren velsigne deg og vare deg

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. +

K: Amen. Amen. Amen.

3x3 klokkeslag

Utgangssalme / Postludium

Utsending (*her eller før postludium*)

Salmeforslag:

Herre Gud ditt dyre navn og ære (1, 278)

Deilig er jorden (48)

Måne og sol (240)

Solen och månen (241)

Store Gud, vi lover deg (280)
Skaperens stemme (295)
Himlen blåner for vårt øye (296)
Til himlene rekker din miskunnhet, Gud (312)
Lær meg å kjenne dine veie (319)
Alltid freidig når du går (415)
Som korn fra vide åkrer (601)
Vi er et folk på vandring (618)
Må din vei komme deg i møte (624)
Nå rinner solen opp av østerlide (790)
I østen stiger solen opp (795)
Syng i stille morgonstunder (799)
Nå er det morgen (801)
I denne fagre sumarstid (840)
Den blomstertid nå kommer (841)
Så grønn en drakt (845)